



Schat Harding var raskast igjen

Trugsmålet om avlysing synte seg til alt hell å skuldast ein kommunikasjonssvikt. 11 lag stilte opp til ein heidundrande finale under Aktivitetsdagen i dag og det var truleg godt over 1000 i hamna under det som vart ein ny fulltreffar.

Avviklinga var rask og effektiv og dommarane var av samme meining som folk flest: Kremgutta var dei mest kreative og idrettslaget ved lovande Ingebjørg og Kari dei største optmistane.



Ingen tvil om førsteplassen i andeløpet

Schat Harding gjekk inn for å forsvare fjorårssigeren som dei raskaste og gjorde det. Når vi også tek med at speakarane Kjell Erik Taranger og Bjørn Olav Tveit gjorde ein framifrå jobb, er det meste sagt om programinnslaget som har vorte ein klassikar.



Kremgutta var mest kreative

Eit anna innslag som er like positivt kvart år er Trekkspelklubbens innleiarer Thor Inge Døsland slår dei an den rette stemningen og dei 5 som gjorde det denne gongen fortener å verta namngitt: Toralf Malmanger, Nils Naasen, Haldor Tveit, Ole Nordtveit og John Owe Jonassen.



Schat Harding med nytt innslag: Fjordrafting

Andeløpet har også vunne ein sikker posisjon og er ei god inntektspost for idrettslaget. Vinnar av førstepremien på 10 000 kroner vart gledeleg nok ein av dei flinke fotballrekruttane - Karsten Andre Haugland. Og med det same vi er inne på fotball: Det synte seg at Kjartan Tungesvik hadde det beste skotbeinet! Eit svært stilig innslag som fortener omtale var det dei dansande jentene frå Herøysund presterte. Faktisk er det 27 i nabobygda som trenar dans og vi fekk sjå dei fleste av dei i to grupper.

Eit nytt tilbod var fjordrafting ved Schat-Harding. Det var ikkje kø for å bli med men dei som tok seg ein tur med den avanserte farkosten var svært fornøgde etterpå.

Men kva med sjørøvarane? Dei hadde eit noko forenkla oppdrag denne gongen. Kanskje sjørøveriet er på hell her i området?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dansejenter frå Herøysund: Renate Myklebust, Katrine Stensletten Hagan, Emma Johanne Hellvik og Silje Stensletten Hagan